



## Rettleiar for lagleiarar i Hareid IL Yngres Fotball.

- Er lagets administrative kontaktperson opp mot styret i Yngres Fotball og fotballkrisen (SFK).
- Er ansvarleg for at laget er representert på alle fellesmøte i regi av Yngres fotball.
- Er ansvarleg for at kampar og turneringar blir gjennomført etter oppsett plan, og set opp dommar når dette ikkje blir gjort av SFK.
- Melder på laget til eventuelle turneringar som ikkje er i regi av SFK etter samråd med trenarar.
- Har ansvar for lagets eigen økonomi, om dette ikkje blir gjort av ein eigen økonomiansvarleg.
- Set opp køyrelister til bortekampar.
- Er ansvarleg for å setje opp ei foreldregruppe om laget ønskjer det.
- Har oversikt over lagets spelarar. Melder inn nye spelarar til styret. Spelarskjema ( Ligg på nettsida <http://fotball.hareidil.no> ) skal nyttast både til innmelding og utmelding av spelarar.
- Sørgjer for at alle lagets spelarar betalar kontingent etter føreskriftene til Yngres fotball
- Skriv under og send inn skadeskjema om nødvendig.
- Har oppsyn med lagets utstyr, og rapporterer til styret dersom noko manglar.
- Er ansvarleg for at eventuelle fellesdugnader i regi styret blir gjennomførte etter gitt instruks.
- Ser til at alle Fair Play-tiltak klubben er med på blir gjennomførte.
- Reservedraktsett kan lånast. Ta kontakt materialforvaltar.

Styret rådar alle lag til å ha to lagleiarar som deler på desse oppgåvene, i alle fall for dei eldste laga. Set gjerne også ned ei foreldregruppe for laget.

Vurderer laget å melde inn protest mot noko eller nokon skal styret kontaktast.

ABC for lagleiarar finn ein på linken:

[http://www.fotball.no/Kretser/sunnmøre/krets/om\\_krets/ABC-for-lagledere1/](http://www.fotball.no/Kretser/sunnmøre/krets/om_krets/ABC-for-lagledere1/)

Lagleiarar tek kontakt med styret dersom noko er uklart.